

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Fylkeshuset, møterom Firda
Møtedato	28.05.2019
Kl.	09:00 – 13.10

Faste medlemmer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV
Aleksander Øren Heen, Sp, møteleiar
Erlend Haugen Herstad, Sp
Torbjørn Vereide, Ap
Marita Aarvik, Frp
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Hilmar Høl, Ap
Anne Lilleåsen, H

Varamedlemmer til stades:

Arve Mjømen, H
Rita Ørnehaug, Ap

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet valde møteleiar og Jakob Andre Sandal til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orienteringar:

- Nasjonalt Pilegrimssenter - Prosjekt Kystpilegrimsleia ved prosjektleiar Lasse Sandø.
- Det internasjonale prosjektet P-Iris, ved prosjektleiar Ingvild Andersen.
- Regionreform – oppgåveoverføring og ressursar, ved fylkesdirektør Jan Heggheim.
- Styrka innovasjonsstruktur gjennom partnerskap, ved Roger Ulvestad, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane.
- Overføring av oppgåver på kulturfeltet, ved ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad.
- Oppstartsvarsel av fredingssak for Singerheimen, ved ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad.
- Næringsutviklingsarbeid innan landbruk i nye Vestland fylkeskommune, ved ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen.

- Vedtak av planprogram for vassforvaltningsplan, ved ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen. Hovudutvalet samla seg om å la saka gå til Fylkesutvalet i slutten av oktober, og at hovudutvalet får ei orientering i sitt møte den 1. oktober.
- Program for møte i Flåm 17.- 18 juni.
- Opning av dagsturhytter 2. juni.

SAK 40/19 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur 28.05.2019

Følgjande skriv og meldingar vart lagde fram til orientering:

1. Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven.
- 1a. Kgl.res. av 15. februar 2019.
2. Rapport frå tilsyn Sogn og Fjordane fylkeskommune - tilskotsforvaltning statsbudsjettet kap 1429 post 71.
- 2a. Tilsynsrapport Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018.
- 2b. Tilbakemelding på Tilsynsrapport frå Riksantikvaren - statlege tilskotsmidlar frå kapittel 1429 post 71.
3. Svar - Søknad om tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019. Forprosjekt - Dans i heile Vestland fylke.
4. Spelemidlar til idrettsanlegg 2019 - revisjon av retningslinjer, innspel.
5. Møtereferat mellom Sogn og Fjordane teater og eigarane 26.04.2019
6. Avhending av Kvalheim fiskerihavn i Vågsøy kommune i Sogn og Fjordane fylke.
7. Avhending av Ytre Fure fiskerihavn i Selje kommune i Sogn og Fjordane fylke.
- 7a. Verdivurdering Takst Ytre Fure.
8. Svar - Uttale om samanslåing av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane.
9. Gjeld kopi av søknad til KUD om investeringsmidlar til fellesmagasin i Angedalen.
10. Gjeld kopi av søknad til KUD for verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta. Oppfølging.
11. Gjeld nytt administrasjons- og formidlingsbygg ved Sunnfjord Museum. Oppfølging.
12. Vedrørande utbetring og oppgradering av Sunnfjord Museum.
13. Sunnfjord museum må prioriterast.
14. Søknad om medfinansiering - Utviklingsprosjekt Kvernsteinsparken.
15. Tildeling av midlar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2019 - grunnlag og vurderingar.
- 15a. Oversikt over tildelingar 2019.
- 15b. Vurdering av søknadane.
16. Tilskot til breibandsutbygging 2019 - Oppfølging av tidlegare tildelingar.
Vedtak: Hovudutvalet ber administrasjonen legge fram ei oversikt over dekningsgrad og attståande utbyggingsområde i kommunane.
17. Førdekonferansen 2019 – program.

SAK 41/19 Breibandmidlar 2019 - Sogn og Fjordane

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur vil innstille på at Nasjonal kommunikasjonsmyndighet si løyving på kr. 8 348 974 vert fordelt på desse prosjekta:

Møtebok Hovudutval for næring og kultur 28.05.2019

Kommune	Område	Søknadssum	Tildeling
Fjaler	Gjøllanger, Espedalen, Yndestad og Myklenost m/omegn	2 500 000	2 500 000
Luster	Grender i Luster	2 000 000	2 000 000
Gaular	Kleppe - Laukeland og Nistad — Strandeneset	580 000	580 000
Aurland	Bjørgo og Turlid	150 000	150 000
Årdal	Indre Offerdal	380 000	380 000
Bremanger	Kjelkenes/Myklebust	1 050 000	1 050 000
Førde	Solheimsdalen del 2	1 500 000	1 500 000
Selje	Kjøde-Årsheim	1 800 000	188 974
			8 348 974

Løyvinga vert dekkja med midlar frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom)

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver kr. 3 493 026 til breibandutbygging i kommunane, fordelt på desse prosjekta:

Kommune	Område	Søknadssum	Tildeling
Selje	Kjøde-Årsheim	1 800 000	1 611 026
Gulen	Eidsbotn-Fivesdal og Fivesdal-Setenes m/omegn	910 000	910 000
Eid	Heggjabygda	672 000	672 000
Aurland	Bakka og Tufto	300 000	300 000
			3 493 026

Løyvinga vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7011 på næring og kultur sitt 2019-budsjett, og restmidlar og renter frå tidlegare år. Ikkje disponerte restmidlar på kr. 334 974 vil bli tildelt i tråd med prioriteringar i punkt 3.

Tildelingar i punkt 1 og 2 vil gi eit fullgodt breibandtilbod til 755 husstandar i 10 kommunar i fylket, der 486 av desse manglar eit grunnleggande tilbod (under 10 Mbit/s), og 269 husstandar i dag har eit tilbod mellom 10-30Mbit/s.

3. Dersom det blir tilgjengeleg ytterlegare midlar til ordninga skal dei tildelast til prosjekta under, i den rekkefølga dei er lista opp i tabellen:

Kommune	Område	Tildeling
Bremanger	Ålfoten, Davik og Rugsund m/omegn	5 400 000
Aurland	Li, Vikesland, Kvitt og Otternes	450 000
Naustdal	Instedalen og Åsedalen	2 180 000
Selje	Drage-Hoddevik	1 200 000
Eid	Skrede og Holmøyane	810 000
Gulen	Instefjord, Austgulen, Takle-Rutledal og Mjømna	2 125 000
Eid	Lote og Hennebygda	262 000
Bremanger	Berle	855 000
Askvoll	Førdefjorden	2 214 000
Gulen	Kringla, Ynnesdalen-Verkland, Hanntveit, Brossvika, Fallebø-Vatne, Dingja, Mjåneset-Espevika, Hisarøyna, Glosvika-Omdal, Grinde-Høyvika, Li, Nordre Sandøy, Grima, Tunsberg-Randal, Ærneshaugen – Gråvika	6 400 000
Jølster	Lunde -Søgnesand, aust og vest for Svidalen, Årneset – Strand, sør for Jølstraholmen	750 0

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp vedtakspunkta, og tildele midlar i tråd med prioriteringar i denne saka.

SAK 42/19 Spelemidlar til idrettsanlegg 2019

VEDTAK:

1. Det vert løyvd midlar til følgjande nærmiljøanlegg:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjjar	1.søk.år	Anleggstype	Løyving
Askvoll	2	72098	Askvoll kommune	2018	Hinderløype	300 000
Balestrand	1	73194	Balestrand kommune	2018	Bocciabane	65 000
Bremanger	1	64450	Leirgulen Idrettslag	2017	Løpebane/hoppegrop	168 000
Bremanger	2	72314	Bremanger kommune	2018	Klatrepark	300 000
Eid	1	54734	Eid kommune	2017	Sandvolleyballbane	194 000
Eid	2	26769	Eid kommune	2018	Tarzanløype	58 000
Eid	3	49020	Eid kommune	2018	Rehab. Ballbinge	61 000
Eid	5	73832	Haugen og Dalen bygdeutviklingslag	2019	Turveg	299 000
Eid	6	72336	Stårheim IL	2019	Ballbinge	300 000
Flora	1	51085	Flora kommune	2016	Sykelsti	153 000
Flora	2	54776	Flora kommune	2018	Ballbinge m/lys	358 000
Flora	3	72218	Flora kommune	2018	Aktivitetspark	209 000
Førde	1	1466	Førde kommune	2017	Rehab. Ballbane	224 000
Førde	2	60124	Førde kommune	2017	Skaterampe	300 000
Førde	3	60126	Førde kommune	2017	Bordtennispark	258 000
Førde	4	60128	Førde kommune	2017	Buldreveg	300 000
Førde	5	60114	Vie Grannelag	2017	Bandybane	226 000
Førde	7	67784	Sunde Krins Grendalag	2018	Lysløype	533 000
Førde	8	60115	Vie Grannelag	2017	Kunstgrasbane m/lys	579 000
Gaular	1	59089	Gaular kommune	2017	Lysanlegg	53 000
Gaular	2	20505	Gaular kommune	2017	Lysanlegg	43 000
Gaular	4	70445	Langeland ski og fritidssenter	2015	Sykkelløype	300 000
Gloppen	1	70651	Gloppen kommune	2017	Balanseanlegg	123 000
Gulen	1	54263	Gulen kommune	2016	Hinderløype	300 000
Gulen	2	54262	Gulen kommune	2016	Sykkelløype	300 000
Hornindal	1	54393	Hornindal kommune	2016	Klatrepark	300 000
Leikanger	1	72528	Leikanger kommune	2018	Hinderløype	300 000
Naustdal	1	60163	Naustdal kommune	2017	Streetball	300 000
Naustdal	2	60161	Naustdal kommune	2017	Rampline	300 000
Naustdal	3	60160	Naustdal kommune	2017	Buldreveg	297 000

Møtebok Hovudutval for næring og kultur 28.05.2019

Naustdal	4	60159	Naustdal kommune	2017	Parkouranlegg	226 000
Selje	1	72276	Selje IL	2018	Turveg	445 000
Selje	2	72715	Stadtlandet IL	2018	Aktivitetssløype	300 000
Sogndal	1	60483	Kaupanger IL	2018	Terrensykkelpark	300 000
Sogndal	2	1153	Fjærland idrettslag	2018	Rehab. ballbinge	57 000
Sogndal	3	43974	Amlabukti grendalag	2018	Rehab. ballbinge	78 000
Sogndal	6	51334	Eidsgrenda vel	2016	Fleirbruksområde	24 000
Stryn	1	72526	Stryn TIL	2018	Rehab. ballbinge	90 000
Vågsøy	1	60359	Vågsøy kommune	2017	Pumptrack	300 000
Vågsøy	2	60336	Vågsøy kommune	2017	Streetbasket	292 000
Årdal	1	20646	Årdal kommune	2015	Klatrepark m/lys	494 000
Årdal	2	64589	Årdal kommune	2018	Crossfit	453 000
					Totalt	10 560 000

2. Det vert løyvd midlar til følgjande anlegg styrt av kommunale planar:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjjar	1.søk.år	Anleggstype	Løyving
Aurland	5	73101	Aurland kommune	2018	Dagsturhytte	124 000
Balestrand	3	69419	Balestrand kommune	2018	Tursti	145 000
Balestrand	5	74587	Balestrand kommune	2019	Dagsturhytte	217 000
Balestrand	2	60719	Balestrand IL	2017	Rehab. Lager	80 000
Eid	2	46124	Eid Jeger og Fiskelag	2017	Rehab. Leirduebane	77 000
Eid	3	51478	Fellesanlegget Tua SA	2016	Langrennstrasè	321 000
Eid	11	59883	Eid Kommune	2017	Rehab. Klubbhus	160 000
Eid	14	72111	Eid Kommune	2018	Sanitæranlegg	499 000
Eid	16	8660	Eid Idrettspark SA	2019	Rehab. Undervarme	140 000
Fjaler	1	30498	Fjaler kommune	2016	Rehab. Idrettshall	244 000
Fjaler	3	72110	Fjaler kommune	2017	Kunstgrasbane	1 283 000
Førde	1	50617	Sunnfjord Skisenter AS	2015	Snøproduksjon	1 000 000
Førde	3	73199	Førde kommune	2019	Tennisbane	350 000
Førde	4	73199	Førde kommune	2018	Tennisbane m/lys	101 000
Førde	5	70939	Førde kommune	2016	Skatepark	1 000 000
Førde	6	60763	Førde kommune	2017	Dagsturhytte	350 000
Førde	8	70941	Førde kommune	2016	Rulleskiløype	701 000
Gaular	1	71189	Langeland Ski og fritidssenter	2015	Snøproduksjon	1 000 000
Gaular	2	73599	Gaular kommune	2019	Dagsturhytte	404 000
Gloppen	1	50508	Gloppen kommune	2012	Friidrettstadion	1 000 000
Gloppen	6	72380	Trivselsskogen SA	2018	Turveg	356 000
Gloppen	14	72381	Trivselsskogen SA	2018	Sanitæranlegg	174 000
Gulen	1	73686	Eivindvik IL	2019	Turveg	500 000
Hornindal	1	74276	Hornindal kommune	2019	Dagsturhytte	431 000
Hyllestad	4	73271	Hyllestad kommune	2018	Dagsturhytte	362 000
Jølster	2	54688	Jølster Idrettslag	2017	Rehab.	933 000

					Friidrettsbane	
Jølster	5	60507	Jølster kommune	2018	Dagsturhytte	156 000
Lærdal	1	62852	Lærdal skytehus sameige	2015	Klubbhus	603 000
Lærdal	5	74296	Lærdal kommune	2019	Dagsturhytte	346 000
Naustdal	2	53757	Instedalen skianlegg AS	2017	Klubbhus	52 000
Naustdal	4	73158	Naustdal kommune	2018	Turveg m/ lys	900 000
Naustdal	6	64574	Naustdal kommune	2019	Dagsturhytte	416 000
Selje	1	20531	Flatraket IL	2019	Turveg	958 000
Sogndal	3	1164	Sogndal Fotball	2016	Styrketreningsrom	300 000
Sogndal	5	59872	Sogndal Skisenter Drift AS	2017	Nedfart m/heis og lys	2 207 000
Sogndal	6	18894	Sogndal turlag	2019	Tursti	84 000
Sogndal	7	70276	Kaupanger IL	2016	Klubbhus	1 453 000
Solund	1	57168	Solund kommune	2017	Friidrett, delanlegg 1	300 000
Solund	2	57168	Solund kommune	2017	Friidrett, delanlegg 2	243 000
Stryn	1	60467	Olden IL	2017	Klubbhus	500 000
Stryn	3	74158	Stryn kommune	2019	Dagsturhytte	509 000
Vik	1	72202	Vik kommune	2018	Kunstgrasbane m/lys	525 000
Vik	2	72879	Vik kommune	2019	Dagsturhytte	449 000
Vågsøy	3	60331	Vågsøy kommune	2017	Sanitæranlegg	486 000
Årdal	1	8008	Årdal kommune	2018	Rehab. Kunstgras	1 623 000
					Totalt	24 062 000

3. Det vert løyvd midlar til følgjande anlegg styrt av «Kultur for alle» – regional plan for kultur 2019 – 2027:

Kommune	Pri.	Anleggsnr	Søkjar	1.søk.år	Anleggstype	Løyving
Askvoll	1	40619	Askvoll kommune	2019	Rehab. Idrettshall	1 000 000
Aurland	1	23264	Aurland kommune	2017	Rehab. Symjebasseng	2 500 000
Balestrand	1	23828	Balestrand kommune	2017	Elektroniske skiver	175 000
Eid	6	51482	Eid kommune	2016	Idrettshall	3 000 000
Flora	4	51059	Flora Motorsport	2016	Motorkross	677 000
Flora	5	51061	Flora kommune	2016	Idrettshall	4 500 000
Gloppen	12	65893	Trivselshagen IKS	2013	Trippelhall	5 000 000
Gloppen	13	43878	Gloppen kommune	2017	Rehab. Basseng	2 500 000
Hyllestad	1	72187	Hyllestad kommune	2018	Idrettshall	2 200 000
Høyanger	1	6580	Høyanger kommune	2018	Rehab. Idrettshall	1 000 000
Jølster	1	63491	Jølster Skyttarlag	2013	Skytebane	586 000
Jølster	2	28713	Jølster skisenter AS	2018	Rehab. Nedfart	337 000
Jølster	3	74643	Jølster kommune	2019	Idrettshall	2 000 000
Luster	1	25662	Luster kommune	2011	Treningsbasseng	4 500 000

Luster	2	5125	Luster kommune	2018	Idrettshall	1 000 000
Sogndal	4	1715	Sogn og Fj. Fylkeskommune	2016	Idrettshall	1 000 000
Stryn	2	2100	Stryn kommune	2018	Idrettshall	1 866 000
Stryn	5	74159	Stryn Turn og Idrettslag	2019	Turnhall	2 500 000
Stryn	6	72194	Olden Skyttarlag	2018	Skytebane	690 000
Stryn	7	3722	Veten IL	2019	Rehab. Hoppbakke	387 000
Vågsøy	1	74758	Vågsøy kommune	2019	Turnhall	2 000 000
Vågsøy	2	72999	Vågsøy kommune	2018	Idrettshall	2 900 000
					Totalt	42 318 000

SAK 43/19 Regionalt forskingsfond Vestlandet. Årsrapport 2018

VEDTAK:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget tek årsrapporten frå arbeidet i Regionalt forskingsfond Vestlandet til vitande.

Som saksordførar vart vald: Aleksander Øren Heen.

SAK 44/19 Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019 - Prosjekt: Fjordane Virtuelle Campus

VEDTAK:

1. Det vert sett av 3 mill. kr. til utvikling av Fjordane Virtuelle Campus
 2. Dette vert dekkja med 1 mill. kr av KMD-midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015 – nyskaping. Resterande 2 mill. kr. vert dekkja med utviklingsfond næring, restmidlar frå tidligare år.
 3. Det er ein føresetnad at ei tildeling til søkjar kan gjerast i tråd med statsstøtteregulverket.
 4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp saka, og tildele midlar til søkjar dersom vilkåra i denne saka blir følgt opp.
-

SAK 45/19 Høyring av forslag til endringar i friluftsløva og forslag til forskrift om fylkeskommunane sine oppgåver på friluftsområdet Regionreforma og kommunereforma

VEDTAK:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at ansvar knytt til statleg sikra område for friluftsliv og Skjærgårdstjenesten vert overført til fylkeskommunane. Føresetnaden er at tilstrekkelege ressursar vert overført frå stat til fylkeskommune.
2. Forskrifta om fylkeskommunane sine oppgåver på friluftsområdet bør vere klårare når det gjeld ansvaret til fylkeskommunane. Rammestyring bør leggast til grunn.
3. Statlege sikra friluftsområde bør døypast om til offentleg sikra friluftsområde.

SAK 46/19 Tilskot - nærings- og samfunnsutvikling 2019 - Prosjekt: Søknad om finansiering av Framtidsfylket t.o.m 2021

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur konstaterer at Framtidsfylket utfører viktige oppgåver for Sogn og Fjordane, og legg til grunn at fylkeskommunen framleis kan vere med å delfinansiere karrieremesser og ulike prosjekt.
2. Hovudutvalet vonar at Framtidsfylket kan ha ei rolle i nye Vestland fylke.
3. Sektoren næring og kultur kan ikkje finansiere driftsstøtte for åra 2020 og 2021, slik det vert søkt om. Dette fordi sektoren ikkje disponerer den typen midlar som kan nyttast som driftsstøtte for dei komande åra. Søknaden vert derfor synt vidare til arbeidet med budsjett 2020.

SAK 47/19 Samarbeidsavtale om Distriktsmusikarordninga

VEDTAK:

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Revidert samarbeidsavtale om distriktsmusikarordninga med kommunane Førde, Gloppen, Leikanger og Lærdal vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg 1.

SAK 48/19 Tilskot til fartøyvern 2019 - fylkeskommunalt tilskot

VEDTAK:

1. Fylkeskommunale midlar til fartøyvern i Sogn og Fjordane, saman med tilskot frå Riksantikvaren vert fordelt slik i 2019:

1	SS Svanhild LIPQ	Kr 150 000
2	MS Atløy LFND	Kr 100 000
3	MS Haugefisk LGNG	Kr 200 000
4	DS Stavenes LEMA	Kr 100 000
6	MF Hardingen SR LGED	Kr 150 000
7	MS Nybakk JXPH	Kr 50 000
	Sum	Kr 750 000

2. Tildelinga vert gjort med atterhald om at tilskotet frå Riksantikvaren på kr 300 000 vert utbetalt etter føresetnadane.
3. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for utbetalingane.

SAK 49/19 Fjord Norge as - fylkeskommunen sitt styremedlem

VEDTAK:

Som fylkeskommunen sitt medlem i Fjord Norge sitt styre vert oppnemnt: Jan Heggheim.

SAK 50/19 Sogn og Fjordane Fondet - val av styrerepresentant frå fylkeskommunen

VEDTAK:

Som fylkeskommunen sitt medlem i Sogn og Fjordane Fondet sitt styre vert valt: Jan Heggheim.

SAK 51/19 Tertialrapport 1/2019

VEDTAK:

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019

- 1 Rammetilskotet vert auka med 52,000 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 29,400 mill. kr
- 2 Lokale inntekter vert auka med 0,075 mill. kr
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 24,826 mill. kr.
- 4 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 2,350 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 4200 Administrasjon vert auka med 3,600 mill. kr

Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert redusert med 3,000 mill. kr knytt til kostnader ved samanslåingsprosessen

Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert auka med 0,250 mill. kr knytt til tilskot til Redningssselskapet.

Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,500 mill. kr

- 5 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 2,500 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,910 mill. kr

Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 1,645 mill. kr

Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr

Teneste 5590 Landsliner vert redusert med 0,735 mill. kr

- 6 Fagskulen i Sogn og Fjordane får ei auka løyving på 0,469 mill. kr. Løyvinga vert dekkja innafør tilgjengelege midlar på teneste 5540 Fagskulen.

- 7 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 22,600 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald vert auka med 15,000 mill. kr

Teneste 7210 Fylkesvegferjer vert auka med 7,600 mill. kr

- 8 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,638 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert nytta til breibandsatsing i 2019.

- 9 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfondet med 25,025 mill. kr

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 7 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 8 vert teken til vitande.

SAK 52/19 Årsrapport 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Årsrapport 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.
